

Innspelskjema

Oppsummering

Innspel til temaplan

Planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse

Innsendar

Eg sender inn på vegne av Kommune

Org.nr. 921244207

Namn på kommune SUNNFJORD KOMMUNE

Adresse Postboks 338

Postnummer/-stad 6802 FØRDE

Kontaktperson

Namn Trond Ueland

Telefon 91337410

E-post trond.ueland@sunnfjord.kommune.no

Innspel

Politisk vedtak Sunnfjord kommune støttar planprogrammet og ser det som eit viktig rammeverk for regional utvikling. Sunnfjord kommune understrekar samstundes behovet for målretta kompetansebygging, sterkare samhandling og strategisk satsing på nøkkelnæringar for å sikre framtidig verdiskaping. For Sunnfjord kommune er det viktig at energiintensive næringar òg blir tatt med i planprogrammet

Utfyllende merknader Sunnfjord kommune sluttar seg til plantema i planprogrammet og ser planen som eit viktig strategisk verktøy. Samstundes peikar kommunen på følgjande utfordringar og prioriteringar:

Det er avgjerande å sikre rett kompetanse og tilstrekkeleg kapasitet for vidare verdiskaping i regionen #Fylkeskommunen må ta ei aktiv rolle i å samordne kommunane sine satsingar, særleg innan næringspolitikk. Energi, reiseliv og mineralnæringa er gode døme på område der tett samarbeid er naudsynt. #Landbruksnæringa i Sunnfjord er ei av dei største i Vestland

og har nasjonal betydning. Det er viktig å sikre ei berekraftig landbrukssatsing også av beredskapsgrunnar, og at vi framleis kan tilby ei relevant og framtidsretta landbruksutdanning. Her speler utdanninga ved Førde vidaregåande skule ei viktig rolle. #Sunnfjord kommune ønskjer å ta ei sterkare rolle innan høgskule- og universitetsektoren. Med aktørar som Vestlandslegen (Universitetet i Bergen), Høgskulen på Vestlandet, Fagskulen Vestland (avdeling Førde) og Førde vidaregåande skule ligg det godt til rette for å utvikle eit endå sterkare regionalt kunnskapsmiljø i Førde. Det sterke forvaltningsmiljøet knytt til Helse Førde, Lotteri- og stiftelsetilsynet, Norec, NVE, saman med finansinstitusjonane, konsulent- og byggenæringa forsterkar dette.

Vedlegg

Opplastet

Dokumenttittel	Filnavn	Størrelse
Saksutredning		NaN MB

Relevante lenker